

Hundeposar – eit mislukka miljøtiltak?

Merknad [A1]: Overskrift: Spørsmål

For nokre år sidan vart hundeeigarar pålagde å ta med seg møkka som deira firbeinete venner produserte når dei var ute på tur. Dermed kom hundeposane i bruk. Men kva skjedde? I staden for kablar og ruker frå bisen legg no eigarane igjen visittkorta sine – hundeposane – der dei ferdast. Er løysinga å straffe dei for slike regelbrot?

Merknad [A2]: Startinnlegg som fortel kva saka handlar om.

Vi ser dei overalt, desse svarte, grønne eller gjennomsluktige plastposane. Dessverre ligg dei der dei ikkje skulle vere: på vegkantar, på parkeringsplassar, i skiløypa, langs skogsstigar. Er dette ei ordning som ikkje fungerer? Trur hundeeigarane at eit eller anna "vesen" har som oppgåve å samle inn posane på same måte som med søppel frå husstandar?

Merknad [A3]: Hovuddelen: Fakta

Merknad [A4]: Hovuddelen: Drøfting

Å ta med seg og kvitte seg med hundedriten på forsvarleg måte er hundeeigarane si plikt. Dette stadfestar reinhaldsetaten i kommunen, som også seier at det ikkje er aktuelt å setje ut dritsekke til å samle posane i.

Merknad [A5]: Hovuddelen: Autoritet

Hygiene og estetikk

Den gongen påbodet om å ta med seg hundelorten kom, var det først og fremst eit hygienisk tiltak. Avføring frå dyr og menneske inneheld bakteriar som kan føre til sjukdommar, noko som er spesielt alvorleg for menneske. Leikeplassar og sandkasser burde derfor vere forbodne område for hundar – og andre kjæledyr. Dei fleste forstår det, bortsett frå dei som eig dyra.

Merknad [A6]: Hovuddelen: Fornuft

Merknad [A7]: Hovuddelen: Fleirtalet

Spesielt tiltrekkjande for turfolk er det heller ikkje å ha driten liggjande på vegar, stigar, gater, friområde eller i skiløyper, og slett ikkje på kyrkjegardar og gravplassar. Derfor er påbodet om hundeposar eit godt tiltak.

Problem i skiløypene

Skiløypene våre vert fylte med hundedrit. Dei fleste hundeeigarane er ansvarlege og fornuftige menneske som følgjer reglane, men nokre bryr seg rett og slett ikkje. Resultatet er at når snøen smeltar, så ligg det plasfiller og hundemøkk att i løypetraseane. På dyrka mark kjem dette i dyreføret, noko som er svært uheldig. Husdyr kan faktisk krepere av plastrestar i føret.

Merknad [A8]: Hovuddelen: Fakta

Merknad [A9]: Hovuddelen: Følelsar

Uansvarlege hundeeigarar

Det finst dei som meiner det er ein menneskerett å ha hund, og at hundane har rett til å gjere frå seg i naturen. Ingen kan forvente eller forlange at eigaren støtt skal kunne følgje med på kor dette skjer, og av den grunn kan det hende at ekskrement vert liggjande att, utan at dette er eit vesentleg problem. Ei regnbyge, og så er det borte!

Merknad [A10]: Hovuddelen: Fakta

Konsekvensar

Det er tydeleg at dei som vert råka av hundeposeproblematikken – både hundeeigarar og dei som skilr i lorten og snublar i plastposar – har forskjellige oppfatningar om korleis påbodet fungerer. Faktum er at vi har reglar, men det er ikkje lagt opp til noko form for handheving av regelbrot. Dermed er det nokon som drit i dei, og andre vert dritleie av å vasse i plast og møkk som flyt fritt.

Er det på tide å skrive ut bøter for regelbrot? Burde det vere prikkbelastning av aktlause og late hundeeigarar, slik at dei etter ei viss mengd regelbrot kunne bli fråtekne retten til å ha hund?

Merknad [A11]: Hovuddelen: Mål og tiltak

Per Rødøy